



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRINGSUTKAST BESØKSSTRATEGI




RUNDE FUGLEFREDINGSOMRÅDE OG
GOKSØYRMYRANE NATURRESERVAT,
HERØY OG ULSTEIN KOMMUNAR

Høyringsfrist 20.06.2022

1. Innleiing

Runde fuglefredingsområde med fire delområde på Runde og Grasøyane, og tilhøyrande dyrelivsfreding vart etablert 30.04.1981. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, særleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.

Den 13.12.1996 vart Goksøymyrane naturreservat oppretta. Føremålet med den fredinga er å ta vare på eit myrområde med terrengdekkande myr, ein myrtype og myrvegetasjon som har vore vanleg i kyststroka, men som på grunn av ulike former for inngrep har vorte sjeldan i god og typisk utforming.



Figur 1 Runde, Goksøymyrane og Grasøyane

Denne besøksstrategien er utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Runde Miljøsester.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Runde er Noregs sørlegaste fuglefjell av noko omfang. I tillegg er der andre sjøtilknytte fugleartar, og øya ute i havet har meir kortvarige besøk av eit stort tal fugleartar under trekketidene. Utom Runde er rike fiskefelt, og den norske vårgytande silda kan gyte her.

2.1 Sårbare naturverdiar

Fuglefjellet

Lunde er den mest talrike hekkefuglen her, trass ei negativ utvikling. Havsula etablerte seg etter krigen, og er i stadig auke. Artar som alke, lomvi, krykkje og toppskarv har gått sterkt tilbake.

Andre delar av verneområda

Storjoen etablerte seg samstundes med havsula, og hekkar m.a. på Goksøymyrane. I austlege delar av fuglefredingsområdet er det ei stor gråmåsekoloni, og det er artar som tjeld, fiskemåse, gravand, strandsnipe m.v. i strandsona på øya. Her er også oter, men dessverre også mink. Havørna har kome attende som hekkefugl, og på Grasøyane er det ein koloni med steinkobbe.

Det er godkjent ein forvaltningsplan for Runde 03.07.2014 som viser mål og tiltak i forvaltninga av verneområda. Planen set m.a. opp følgjande bevaringsmål:

- Alle tradisjonelle hekkeplassar for lunde skal vere i bruk
- Tareskogen i dyrelivsfredingsområdet skal ha god tilstand
- Det skal ikkje vere framande treslag som sitkagran og bergfuru
- Goksøyrmyrane skal verken gro igjen eller ha skadeleg slitasje
- Det skal vere minst 30 steinkobbar på Grasøyane
- Det skal ikkje vere mink på Runde

2.2 Reiselivet

Verneområde, som nyttast i reiselivssamanheng og bidreg til lokal verdiskaping, har ein aukande posisjon i marknadsføringa av turistprodukt i Noreg. Turistar legg beslag på naturen, og auka press kan i sårbare område true naturkvalitetar. Det er viktig at slike område kan besøkast utan at natur og kulturhistoriske verdiar forringast. Her må reiselivet, som andre næringar, ta omsyn til omgivnaden og skape positiv og berekraftig vekst.

I prosjektplanen for «Reiseliv, mat og kultur i Møre og Romsdal 2017-2020» legg fylket vekt på at reiselivet er ei stor og viktig næring i Møre og Romsdal, og veksten i opplevingsnæringane (Adventure Tourism) er pr i dag den delen av reiselivsnæringa som aukar mest. Det visar seg også på verdsbasis. Visjon for prosjektet er at Møre og Romsdal skal bli aktivitets og opplevingsfylke nr 1 i Noreg¹.

Satsinga som Møre og Romsdal fylkeskommune her legg opp til bygger vidare på ein gjeldande trend i norsk reiseliv. Reiselivet i Noreg med Innovasjon Norge i føringa har som mål å tilby turistar aktivitetar og opplevingar av høg kvalitet, der opplevingar i norsk natur er eit sentralt tema. Sjølve slagordet til Visit Norway «Powered by Nature» stadfestar kva for ein rolle naturen har i reiselivet.

Fuglefjellet på Runde og verneområdet har ein sentral plass i reiselivssatsinga på Søre Sunnmøre, og er i høgste grad eit reisemål for mange. I framlegg til forvaltningsplan for Runde og Grasøyane frå 2013 er det gjennomført ei teljing av besøkande i fuglefjellet. Talet på tur/retur besøkande estimerast til om lag 40 000 årleg. Med ei jamn auke innanfor reiselivet dei siste åra, og observasjonar gjort i høgsesongen, er det nærliggande å tru at talet på besøkande til Runde har auka sidan teljinga i 2013.

Bruk og vern er eit tema som skapar konflikt og det rådar mange ulike oppfatningar av vern og verneprosessar. Per 2022 er det om lag 3300 verneområde i Noreg og 17,6 % av fastlandet i Noreg er verna². Gjennom naturmangfaldlova frå 2009 ligg grunnlaget for å opprette nye verneområde og for å forvalte verneområda godt. Hovudmålet med vern etter naturmangfaldlova er å beskytte artar og naturtypar for kommande generasjonar.

Statsforvaltaren har som mål å legge til rette i verneområde for å oppretthalde natur- og kulturverdiar som bevarer området sin attraktivitet. Ei slik tilrettelegging vil være både økonomisk og økologisk gunstig ved at det forenkler infrastruktur og på same tid reduserer negative effektar på miljøet ved bruk. Det å legge til rette handlar ofte om styrt ferdsel for at belastninga på andre deler av verneområde blir redusert.

¹ Reiseliv, mat og kultur i Møre og Romsdal 2017-2020

² ssb.no/natur-og-miljo/areal/vernedede-omrader

I dette arbeidet står også formidling av kunnskap sentralt. Kunnskap om det marine miljøet og sjøfugl viktig for å forstå korleis turist- og fritidsaktivitetar kan påverke naturmiljøet.

Det er god kompetanse om forvaltning av verneområde nasjonalt og regionalt, og det er god kompetanse i næringslivet si drift av overnatting og servering i regionen. På same tid er det gjort lite for å integrere dei to sidene i berekraftig reiseliv. Regel- og planverk i verneområde har i liten grad vore tilpasse målet om å legge til rette for auka berekraftig bruk av verneverdiar til ei turistbasert næringsutvikling. Ein besøksstrategi som ein her legg opp til vil vere eit tiltak for å sjå tettare på denne koplinga i forvaltninga av verneområde.

2.3 Dei besøkande

Talet på besøkande til Runde endrar seg gjennom året, og heng saman med hekkesesongen frå midten på april til slutten av august til dei meir kjende fugleartane som lunde, havsule og storjo. I hekkesesongen finn ein dei fleste typiske fugleartar på Runde, sjølv om enkelte bestandar med tida har blitt borte eller redusert. Det er registrert over 230 fugleartar på Runde.³

Som Noregs sørlegaste fuglefjell og hekkestad for lunden, så er lundeura på vestsida av øya eit populært reisemål for både fastbuande og tilreisande. Ei teljing frå 2013 estimerer om lag 40 000 tur/retur besøkande årleg i fuglefjellet.⁴ Det er fleire grunnar til å tru at talet er høgare i dag. Reiselivet har vore i vekst dei siste åra, fuglefjellet på Runde har vore i medias søkelys og mange aktørar innanfor reiselivet nyttar fuglefjellet i marknadsføringa si. I samtalar med reiselivsaktørar i området får ein også stadfesta at det må vere langt fleire i fuglefjellet i dag.

Om sommaren kjem det mange utanlandske turistar til Runde. Ein rapport frå Innovasjon Norge om besøkande til Vestlandet viser at feriereisande i hovudsak kjem frå Tyskland, USA og Nederland, og i noko mindre grad frå Norden, Asia og Sentraleuropeiske land.⁵ Bilete stemmer godt overeins med dei erfaringar ein har frå besøkande på Goksøy Camping, Christineborg gjestehus og Runde Miljøsentar.

Majoriteten av dei som kjem til Runde for å oppleve fuglefjellet kjem som enkeltreisande. Det vil seie som par, enkeltpersonar eller familiar. På same tid ser det ut som ein liten auke i meir organiserte reiseformer for mindre grupper. Ved Runde Miljøsentar har det dei siste åra kome fleire natur og fugleinteresserte fotogrupear som bur på øya over fleire dagar.

Fuglefjellet på Runde er også eit populært reisemål for dei som bur i regionen. Her spreier trafikken seg meir gjennom året, og verneområdet blir besøkt av enkeltpersonar, skuleklassar og foreiningar som legg turen til Runde. Den Norske Turistforeining tilbyr overnatting på Runde fyr som ligg nord på øya, og fleire legg turen dit på dagsturar eller for eit overnattingsbesøk.

Dei som besøker Runde har varierende kunnskap om dyr og fugleliv på øya. Det er sjølvsagt mange fugleinteresserte, men i møte med dei som besøker Runde Miljøsentar så er det mange som veit lite om kva for økosystem ein finn på øya. Men interessa er stor, og guidane på senteret kan melde om eit sterkt engasjement blant dei besøkande.

³ <https://fuglenepaarundeblog.wordpress.com/>

⁴ Forvaltingsplan for Runde og Grasøyane, 2014.

⁵ Vestlandet-turistundersøkelse sommeren 2018, Innovasjon Norge.

Opplevingar på Runde

For mange er den største attraksjonen på fugleøya Runde å få sjå lunden kome inn i solnedgang. I lundeura på vestsida av øya er det laga til eit utkikkspunkt kor ein kan kome tett på lundefuglen. Men i fuglefjellet kan du også sjå havsulene som klamrar seg fast i stupbratte fjell, storjoen som vaktar reira i Goksøyrmyrane eller havørna som seglar forbi på jakt etter eit måltid.

Nede på sjøen svømmer alke og lomvi rundt på bårane, og ein kan sjå toppskarven som tørkar vingane sine på bergknausar og holmar.

I fjøra på austsida av Runde langs motorvegen trippar vadefugl lett rundt i fjøra, og både havert og steinkobbe tek turen inn frå Grasøyane for å legge seg på steinane i sjøen, eller leite etter fisk.

På Runde er det lett å kome tett på natur og dyreliv. For mange handlar det om å sjå det ein ikkje får sjå til vanleg, finne roa og bli betre kjent med omgivnadane på Runde. Og Runde er sjølvstekt eit ynda reisemål for fotointeresserte fugleentusiastar.

På campingplassen i Goksøyra kjem bubilturistar frå fjern og nær i sommarhalvåret. Fleire av dei som bur her kjem år etter år og Runde er for dei som ein heim nummer to. Om sommaren går det skysståtar rundt øya. Dette er eit populært tilbod og ein får sjå og lære mykje om fuglane på Runde om bord. Besøksenteret ved Runde Miljøsender held også ope kvar dag om sommaren. Her får ein sjå filmar om havet og fuglelivet på Runde, eller ein kan utforske utstillinga med sjøfugl. På eigen hand, eller i lag med ein av guidane på senteret.

Sommaren 2019 vart det også starte opp eit nytt tilbod med guida kveldstur i Lundeura to til tre kveldar i veka.

Situasjonen i dag

Tilkomsten til fuglefjellet og lundeura er lett samanlikna med andre fuglefjell. Runde har bruforbinding og ein kan parkere tett på der stien opp til fuglefjellet startar. Det er laga til parkeringsplass ved Goksøyr og turen opp til lundeura tek 30-40 minutt. I høgsesongen kan det bli trongt om plassen på parkeringsplassen, og det bør sjåast på alternative løysingar her for at ikkje besøkande skal parkere på privat grunn eller andre stader som ikkje høver seg for parkering. Ei løysing her kan vere å nytte andre stiar opp til fuglefjellet. Til dømes stien opp Trepet som startar sør på øya ved Rundebrua.

Stiane på Runde har vorte utbetra dei siste åra med steinsetting og treverk. Ved å legge til rette på stiane kan man styre ferdsel og hindre slitasje av vegetasjon og jorderosjon.



Figur 2 Lunde i solnedgang på Runde. Foto: Lars Gustavsen.



Figur 3 Lundeura på vestsida av Runde. Foto: Runde Miljøsender.

Lundeura som er eit populært utkikkspunkt har også vore utbetra og sikra.

Om sommaren kan dei som stoppar ved Runde Miljøsender få utlevert ein info – folder med kart over Runde med informasjon om fugleartar, utkikkspunkt, ferdselsforbod og andre restriksjonar. Foldaren er utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og er trykka på norsk, engelsk og tysk. Foldaren er også tilgjengeleg for dei som besøker turistinformasjonen på rådhuset i Fosnavåg eller Thon Hotell i Fosnavåg.

Utanfor Runde Miljøsender er der satt opp eit informasjonsskilt om fugleartar og Runde som Ramsar område.

Tilbakemelding frå dei tilsette ved Runde Miljøsender legg vekt på at info-folder og skilting utanfor besøksenteret er godt motteke blant dei besøkande. På same tid er det mange besøkande som reiser rett ut til fuglefjellet. Her er man da avhengig at dei kan få informasjon undervegs og på fuglefjellet. Skilting og informasjon som har vorte satt opp er til dels utdatert, og vêr og vind har gjort mykje av informasjonen vanskeleg å lese. Opplevinga av skiltinga i fuglefjellet sprikar noko i samtalar med informantar, sjå vedlegg. Det vart hevda et skiltinga i starten på stien til fuglefjellet i Goksøyra er for dårleg. Det har vore fleire episodar der besøkande går feil og inn i hagane til dei som bur i Goksøyra.

Ein bør her sjå på ein heilskapleg plan for informasjonsformidling i fuglefjellet. Val av materialet, plassering og informasjon på skiltinga bør vurderast for å oppnå ynskja effekt ved formidlinga. Tida er kanskje også moden for å ta i bruk ny teknologi der besøkande kan nytte mobiltelefonen for å hente informasjon om verneområdet. Ein app med geolokasjon og informasjon tilpasse kor ein er lokalisert kan vere eit verktøy for å nå fleire besøkande med relevant informasjon.

Ferdselsforbod på Runde og ilandstiging frå båt gjeld i områda 1-3 frå 15. mars til 31. august og område 4 frå 15. april til 15. august, sjå kart over. Grensene er markerte med skilt og fysisk avstenging, og ein blir oppmoda om å bruke dei tilrettelagte stiane. Av andre restriksjonar så er alle fuglar og pattedyr freda mot jakt, fangst, skade eller øydeleggingar for resten av Runde og i tilgrensande sjøområde. Ein skal omsyn til fuglar som ligg på sjøen ved båtbruk, og senke farta om nødvendig. Fuglane ligg gjerne på sjøen og ventar på å flyge opp i fuglefjellet.

Inntrykk og erfaringar frå informantar er ikkje heilt i tråd med dei føringar som ligg i restriksjonane. Det er mange observasjonar på at besøkande ikkje held seg innanfor stiar og merka område. I lundeura kan ein ofte sjå folk utanfor gjerdet som er sett opp. Bandtvang på hundar vert ikkje halde,



Figur 4 Tilrettelegging av sti på Runde. Foto: Lars Gustavsen.



Figur 5 Kart over Runde med verne område.

og enkelte tek med seg hund heilt ned i Lundeura. Med årleg sauehald i fjellet på Runde burde ein også ha eit heilårleg påbod om bandtvang på hund.

Ein av informantane fortel om episodar der besøkande har vandra i strandsona og forstyrra hekkande fugl. Sjølv ikkje når fuglane stupar ned mot det, eller dei blir bedne om å fjerne seg, så fortset dei i jakta på eit godt fotomotiv eller oppleving.

Det har vore episodar med båtar i høg fart utanfor fuglefjellet og i eitt tilfelle blei føraren bøtelagd. Blant informantane så blir det påpeikt at det er sær viktig at ein ikkje køyrer for fort og skremmer opp fugl. Eit klarare regelverk og innføring av ei fartsgrense bør kanskje kome på plass.

Fastbuande som seier i frå om brot på ferdselsforbod til dei besøkande når dei ser det. På same tide opplever dei det som vanskeleg å bli høyrte seier ein av informantane. Eit styrka og permanent oppsyn frå SNO i høgsesongen kan vere eit naudsynt tiltak.

3. Mål

Mål for verneverdiane

Dei fleste sjøtilknytte artane på Runde opplever bestandsnedgang. Det er difor viktig at dei får suksess med hekkinga, og at reiseliv og besøkande ikkje påverkar fugle- og dyrelivet på nokon negativ måte. Kritiske faktorar vil vere:

- Unngå forstyrning nede i fuglefjellet. Toppen av Lundeura er særleg utsett fordi den er lett tilgjengeleg, med reir heilt inntil. Også andre sårbare fugleartar hekkar der, men er ikkje så lett tilgjengeleg pga. terrenget. Respektere ferdselsforbodet 15.03 – 31.08.
- Unngå forstyrning av hekkande fugl på myrane. Her er det særleg storjo som er utsett, og ungane oppheld seg i lang tid på bakken før dei er flygedyktige. Det er viktig at folk og hundar ikkje går ute i myrane, men følgjer dei tilrettelagte stiane. Her er ikkje noko ferdselsforbod.
- Unngå forstyrning av sel, havørn og andre fuglar på Grasøyane. Her er det meir tilfeldig besøk, og litt organisert turisme siste del av sommaren. Respektere ferdselsforbodet 15.04 – 15.08.

Mål for reiselivet

Det rike fuglelivet og landskapet verkar tiltrekkande på besøkande, og er grunnlag for lokal og regional verdiskaping. Det er ønskeleg at:

- Verneområda på Runde skaper lokale overnattingsbedrifter og styrkar grunnlaget for dei som er der.
- Reiselivsbedriftene kan utvide sesongane for besøk på Runde, for eksempel til ruskevêrperiodar m.v.
- Reiselivet kan lage nye produkt og pakker som utfluktar for større aktørar, her under samarbeid med andre firma.

Mål for dei besøkande

Det rike fuglelivet og landskapet er ei stor oppleving, anten ein er på Runde ofte, eller ein gong i livet.

- Alle sommarbesøkande bør få sjå ein lundefugl og anna fugle- og dyreliv.
- Dei besøkande må få oppleve eit dramatisk og vakkert kystlandskap.
- Skape ei økologisk forståing med vekt på samvirket hav-sjøfugl, og bevisstgjere besøkande slik at dei kan ta med seg slike haldningar vidare i livet sitt.

4. Tiltaksplan

Nedanfor vert det lista opp tiltak knytt til tilrettelegging for å sikre god forvaltning av verneområde:

Stiar

Stisystemet på Runde startar på Goksøy, og følgjer ein utmarksveg opp til toppen av dei dyrka beita. Her er delar av traséen lagt med asfalt. Stien deler seg og ei grein går til Kaldekloven. Her er stien lagt med steinheller og treklopper. Ei anna grein går mot Runde fyr. Første delen er helle- og kloplagt, ein stort midtstykke er ikkje opparbeidd, medan siste del er mura opp med stein eller kloplagt. I nordvest går ein sti langs kanten av fuglefjellet, og det er fleire stiar som kryssar over øya. Ingen av desse er spesielt tilrettelagt. Det er laga ei tretrapp ned til Lundeura.

Det er naudsynt å vedlikehalde det arbeidet som er gjort. Mange av dei lagte steinhellene sklir ut, og må leggest om på nytt. Tredekktet har også skader som må utbetrast.



Figur 6 Stiar som er opparbeidde og andre viktige stiar

Stisystemet skal vere opparbeidd heilt fram til Lundeura, og det bør lagast ei enkel tilrettelegging heile traséen frå stikrysset opp for Goksøyvyr til Runde fyr. Utsette parti i nord-vest bør også tilretteleggast.


Pr. mai 2022 er stiane frå Goksøyvyr via Kaldekloven til Lundeura, og sidearma ut til Tinden, forsterka med treverk og steinheller. Dette har gjeve ei betre kanalisering og mindre terrengslitasje.



Figur 7 Skadd trebru (2012)



Figur 8 Sti over fuktig parti (2012)



Figur 9 Trapp ned mot Lundeura (2017)



Figur 10 Hellelegging på Goksøyvyrmyrane (2016)

Det er inngått løpende vedlikeholdsavtalar med ein entreprenør for stisystemet.

Trafikken opp Goksøyra er stor i høgsesongen, og det byr på utfordringar å finne parkeringsplass. Betre tilrettelegging av andre stiar opp til fuglefjellet kan spreie belastinga. Det er i dag merka sti opp Trepet ved Rundebrua, men stien er ikkje mykje brukt samanlikna med dei som tek turen opp frå Goksøyra. Mykje av stien opp Trepet går i steinrås og på hard botn, så det krev mindre tiltak for å unngå at avtrykket øydelegg vegetasjonen. For at stien skal takast i bruk må det skiltast betre, og ein bør rydde i vegetasjonen nokre stader. Om ein skal auke trafikken opp Trepet må ein også sjå på renovasjonsordningar ved parkeringsplassen her.

Utkikkspunkt

Toppen av Lundeura er for tida det mest populære utkikkspunktet. Her er det sett opp eit gjerde for å hindre at folk går ned i ura.

I strandsona frå Rundebrua mot Runde Miljøsentert er det fleire stader gode utkikkspunkt for å sjå vadefuglar og andre trekkfugl, men også havørn og kystsel som steinkobbe og havert. Tilrettelegging av eit utkikkspunkt her med eit fugletittarskur kan vere med på å spreie noko av trafikken blant dei besøkande på øya. Det er i dag eit fåtal av dei som besøker øya som finn det naturleg, eller veit om kva som er å sjå i strandsona. Eit skur med informasjonsskilt kan også vere ein god plass for dei besøkande å starte opplevinga på Runde.

Skilting.

Stiane bør skiltast betre. Vegvisarane i tre med lundemotiv er nedslitne, og må fornyast. Informasjon om ferdselsforbod kan ein sjå fleire stader på fjellet, men ny og oppdatert informasjon om kva ein



Figur 11 Vegvisar



Figur 12 Skilt om delområde og artar

kan oppleve på fjellet sagnast. Ein bør sjå på korleis ein kan utbetre informasjonsformidlinga att med dei mest brukte stiane på fuglefjellet.

Skiltinga i fuglefjellet er heller ikkje einsarta. Hovudinfotavla er frå 2014, og er plassert ut 5 stader. Denne er laga etter gammal mal, på tre språk. Denne er av god kvalitet og det er laga eit reserveopplag, men den bør oppdaterast med fakta og lay-out. Sjå vedlegg.

Det er laga små tavler som viser hekkande fugleartar, plassert ved fuglefjellet. Desse er slitne, men her er det også eit reservelager. Dessverre er dei utdaterte, og bør ikkje brukast meir.

«Løveskilta» med underskilt må også skiftast ut der dei er vêrslitte eller feilplasserte. Det bør informerast om ferdselsforbodet i Lundeura for å unngå skadeleg forstyring.

Infomateriell

Det er utarbeidd infobrosjyre etter merkevarestrategien på norsk, engelsk og tysk. Her kan det trykkast opp supplerande opplag etter behov.

I samband med skilting bør ein vurdere om andre hjelpemiddel kan takast i bruk for å nå fleire besøkande i fuglefjellet med ønska informasjon. App på mobiltelefon med geolokasjon kan vere eit nyttig verktøy for å nå fleire med relevant informasjon undervegs. Ein app kan innehalde meir informasjon om fugleartar, vegetasjon og anna dyreliv. Det kan og gi moglegheiter for å måle noko av trafikken i fuglefjellet gjennom bruk av appen i terrenget. Omsynet til personvernet må sjølvstøtt her takast vare på.

Kamera i fuglefjellet.

Bruk av kamera i fuglefjellet kan vere eit tiltak for å avgrense noko av trafikken og gje dei som ikkje har høve til å kome seg opp ein moglegheit til å sjå fuglane i fuglefjellet. Kamera kan plasserast på fleire stader i fuglefjellet, og ein kan sjå dette på skjermar på Runde Miljøsender. Bruk av kamera kan også vere eit tiltak for SNO for å få betre innblikk i situasjonen i fuglefjellet på ulike tidspunkt.

Styrka oppsyn frå SNO.

Med fleire observasjonar på brot på ferdselsforbod i høgsesongen, så kan det vere naudsynt å auke tilsynet frå SNO. Dei fastbuande opplever det som vanskeleg å få besøkande til å lytte til oppmodingar om å respektere dei reglar som gjeld i verneområdet.

Ferdselsteljar.

Det råder ei uvisse om kor mange som besøker fuglefjellet. Eit sikrare tal vil vere med på å vurdere omfanga av tiltak ein ønskjer å sette i gang med. I 2021 vart det tald ca. 76.000 passeringar på ferdselsteljaren. Dette tilsvarar minst 38.000 besøkande, og tillegg kjem dei som går inn og ut i sør.

Tiltak i besøksstrategien

Lokalisering	Tiltak	Ansvar	Frist
Ved hovudvegen på vestsida av Runde	Fugletittarskur	Private	
Stiar på fuglefjellet og Grasøyane	Skilting, vedlikehald og utskifting av løveskilt med underskilt om ferdselsforbod	SFMR	01.07.2022
Stiar på fuglefjellet	Tilrettelegge sti mot Lundeura, sti på nordsida, utsette punkt på stinettet elles	SFMR	Gjennomført vår 2022
Sti mot Kaldekloven	Vedlikehald av sti. Steinheller sklir ut	SFMR	Løpande vedlikehald
Lundeura	Utbetring av tilkomsten mellom trappa og utkikkspunktet på Lundeura	SFMR	Gjennomført vår 2022
Runde	Utvikle app for informasjonsformidling	Reint privat finansiert	
Runde sør-vest	Tilrettelegging av sti opp søraust for Runde Vestside	SFMR	
Runde sør-vest	Avfallsdunkar ved oppstart på sti vest for Rundebrua	Lokale	
Runde Miljøsender	Utstilling	RMS	
Runde Miljøsender	Kamera i fuglefjellet	Runde Miljøsender	
Runde	Styrka oppsyn frå SNO	Miljødirektoratet	Løpande
Ved grind i Goksøyra på stien til fuglefjellet	Ferdselsteljar	SNO	
Goksøyra	Nye toalett på P-plass	Herøy kommune/SFMR	30.11.2022
	Informasjon om verneområda på Naturbase.no	SFMR	Løpande
	Infobrosjyre på norsk, engelsk og tysk må distribuerast	SFMR	Er utarbeidd etter ny mal, må trykke opp etter behov.

Vedlegg: Infotavle



Runde vestside mot fuglefjellet



Runde sett frå aust




Runde sett frå vest



FUGLEFREDINGSOMRÅDE



Grasøyane



Runde nordside

RUNDE

Runde er det største fuglefjellet i Sør-Noreg. I 1981 vart det etablert 4 fuglefredingsområde; Runde vestside, Runde nordside, Hellestien-Blåfjellet-Kløfjellet-Geita og Grasøyane. Føremålet med vernet er å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø. I 1996 vart Goksøyryrane naturreservat freda for å ta vare på eit verdfullt myrområde. Runde fekk status som Ramsarområde i 2013 som eit internasjonalt verneverdig våtmarksområde.

NATURGRUNNLAG OG VEGETASJON

Berggrunnen på Runde består av harde gneisbergartar som gjev eit surt og næringsfattig jordsmonn. Oppe på Goksøyryrane er det avsett morene-massar, medan fuglefredingsområda i nord og vest er bratte klippar. Grasøyane er stort sett snaue skjær.



Purpurlyng - Bell heather - Graue Heide (*Erica cinerea*)

Platået på Goksøyryrane er terreng-dekkande myr som går over til minerotrof flatmyr i nedre delar. Her er innslag med lyngheier. I skråningane ved fuglefjellet finst ein meir næringskrevjande gras- og urtevegetasjon pga. fuglegjødsla. Det milde kystklimaet gjer at her veks artar som ikkje tåler frost, t.d. purpurlyng.



Havørn - White-tailed Eagle - Seeadler (*Haliaeetus albicilla*)



Krykkje - Black-legged kittiwake - Dreizehnmöwe (*Rissa tridactyla*)

DYRELIV

Runde er eitt av dei norske fuglefjella med flest hekkande fugl, og det største i Sør-Noreg. Den mest talrike arten er lunde. Andre hekkande alkefugl er alke, lomvi og teist. Her er svartbak, gråmåse, fiskemåse, sildemåse, krykkje, makrellterne og raudnebbterne. Toppskarv hekkar framleis på Runde, medan havhest har vorte ein sjeldan gjest.



Havsule - Northern Gannet - Basstølpel (*Morus bassanus*)



Lunde - Atlantic Puffin - Papageitaucher (*Fratercula arctica*)



Makrellterne - Common Tern - Fluss-Seeschwalbe (*Sterna hirundo*)


Ny artar som har etablert seg på Runde dei siste 50 åra er havsule og storjo. Havørn har også vorte meir vanleg ved Runde.

Ute på Grasøyane hekkar m.a. ærfugl, måsar og terner. Runde er rasteplass for svært mange artar under trekket. Det er registrert 230 ulike fugleartar på øya.


Det er oter i områda, og ute på Grasøyane finst det ein steinkobbekoloni.



Storjo - Great Skua - Große Raubmöwe (*Stercorarius skua*)



Alke - Razorbill - Tordalk (*Alca torda*)



FORVALTINGSUTFORDRINGER

Fleire av fugleartane som hekkar på Runde er i sterk tilbakegang. Dette gjeld særleg krykkje, alke, lomvi, teist, toppskarv og havhest. Mykje tyder på at årsaka ligg i uheldig påverknad andre stader, som næringsvikt på havet. På land trugar spreiring av framande barte, og opphøyr av beite gjev gjengroing. Mink er ein introdusert, uønskt art som kan gjere skade i fuglefredingsområda.



Toppskarv - Shag - Krähen-scharbe (*Phalacrocorax aristotelis*)

The largest bird cliffs in southern Norway are on the island of Runde. Four bird protection areas have been established to conserve the rich and interesting bird life and habitat. To protect the valuable wetlands up on the plateau on Runde, the Goksøyryrane area has been declared a nature reserve. Runde is a Ramsar site.

Atlantic puffins are the most abundant species. Other nesting auks include razorbills, common guillemots and black guillemots. Great black-backed gulls, herring gulls, common gulls, lesser black-backed gulls and some kittiwakes can be seen. European shags still nest on Runde, while northern fulmars have become rare visitors. On the islands of Grasøyane, there are eider ducks, terns and seals.

The northern gannet, great skua and white-tailed eagle have become established on Runde, and their numbers have increased. Up to 230 species have been recorded on the island.

The plateau of Goksøyryrane is a blanket bog with patches of heather moorland. The mild coastal climate enables frost-sensitive species to grow here, such as bell heather.

WELCOME TO RUNDE

Please note that all access to the bird protection areas of Runde is prohibited from 15 March to 31 August to avoid disturbing the birds. But there are good opportunities for watching the birds from outside the bird protection area – from the lookout at the top of the rocks, from the specially marked trails or from a boat.

On the Grasøyane islands, all travel on land and at sea is prohibited from 15 April to 15 August.

Access to Goksøyryrane is not restricted, but we recommend using the trails.

- All vegetation is protected in all protected areas.
- Wildlife is protected in the bird protection areas.
- Motor traffic on land is prohibited.

Runde ist der größte Vogelfelsen im südlichen Teil Norwegens. Hier sind 4 Vogelschutzgebiete eingerichtet, um eine reichhaltige und interessante Vogelwelt in ihrer natürlichen Umgebung zu bewahren. Das Naturreservat Goksøyryrane oben auf Rundes Hochplateau steht als ein wertvolles Mooregebiet unter Schutz. Runde ist ein Ramsar-Gebiet.

Der zahlenmäßig häufigste Vogel ist der Papageientaucher. Andere hier brütende Alkenvögel sind Tordalk, Trottellumme und Grylleteiste. Hier gibt es auch die Mantelmöwe, die Silbermöwe, die Sturmmöwe, die Heringsmöwe, und in kleinerer Zahl die Dreizehnmöwe. Die Krähen-scharbe brüht immer noch auf Runde, während der Eissturmvogel ein seltener Gast geworden ist. Auf den Grasøyane kann man Eiderenten, Seeschwalben und Seehunde finden.

Basstølpel, Skua und Seeadler haben sich auf Runde in zunehmender Anzahl etabliert. Bis zu 230 Arten sind auf der Insel registriert.

Das Hochplateau Goksøyryrane ist ein geländedeckendes Moor. Hier kann man wertvolle Heidekrautvegetation finden. Das milde atlantische Klima begünstigt frostempfindliche Arten, wie z. B. die Graue Glockenheide.

WILLKOMMEN AUF RUNDE!

Bitte beachten Sie, dass jedes Betreten der Vogelschutzgebiete auf Runde in der Zeit vom 15. März bis und mit 31. August aus Rücksicht auf die Vogelwelt verboten ist. Trotzdem können Sie die Vogelwelt gut von Aussichtspunkten auf den Klippen außerhalb der Schutzgebiete, von eigens markierten Pfaden oder vom Boot aus beobachten.

Im Gebiet der Grasøyane gilt das Betretungsverbot sowohl an Land als auch auf dem Wasser in der Zeit vom 15. April bis und mit 15. August.

Im Mooregebiet Goksøyryrane gibt es kein Betretungsverbot; Sie werden jedoch gebeten, die Pfade zu benutzen.

Im Übrigen gelten u. a. folgende Regeln:

- Alle Vegetation ist in allen Schutzgebieten geschützt.
- Die Tierwelt ist in den Vogelschutzgebieten geschützt.
- Motorisierte Fahrzeuge an Land sind verboten.

VELKOMMEN TIL Å OPPLEVE RUNDE

Vi ber deg merke deg at all ferdsel i fuglefredingsområda på Runde er forbode i tida 15. mars – 31. august av omsyn til fuglelivet. Det ligg likevel godt til rette for å oppleve fuglelivet frå utsida av fuglefredingsområdet frå utkikkspunkt på toppen av klippene, frå spesielt merka stiar eller frå båt. På Grasøyane er det forbod mot ferdsel både på land og i sjø i tida 15. april – 15. august. Det er ikkje ferdselstreksjonar i Goksøyryrane, men vi vil tilrå å bruke stiane.

I resten av året er det fri ferdsel. Elles gjeld følgjande reglar:

- All vegetasjon er freda i alle fredingsområda.
- Dyrelivet er freda i fuglefredingsområdet.
- Det er forbod mot tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva slik som terrengingrep, oppføring av bygg og anlegg, forureining eller dumping av avfall.
- Motorisert ferdsel på land er forbode.

Verneforskrifta og annan utfyllande informasjon er lagt ut på

www.naturbase.no
Sjå også www.miljostatus.no

Forvaltning, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Tlf. 71 25 80 00

Statens naturoppsyn. Tlf. 73 58 05 00 www.naturoppsyn.no



Steinkobbe - Harbor Seal - Seehund (*Phoca vitulina*)